

Notat vedrørende auka driftskostnader for barnevern frå og med 2018

Bømlo, Fitjar og Stord inngjekk i 2008 avtale om interkommunalt barnevernssamarbeid. I samarbeidsavtalen § 6 står det at kommunane skal dela faste driftsutgifter etter tal barn og har økonomisk ansvar for tiltak overfor enkeltbarn i eigen kommune. Dette har og vore praksis. Stord kommune har ikkje kravd refusjon for administrative utgifter til løns- og personalarbeid, rekneskap, leiarressurs m.m. Stord kommune vil frå og med budsjettåret 2018 gjera eit påslag for administrative kostnader.

Dette inneber at samarbeidskommunane skal delfinansiera dei administrasjonskostnadene som påløper vertskommunen. Det gjeld kostnader til først og fremst lønskøyning, personalarbeid, økonomiforvaltning og leiging.

«Det er lagt inn 4 % av administrasjonsbudsjettet til driftsutgifter som ikkje lar seg synleggjera direkte i budsjettet. Dette er eit anslag, det er ikkje erfaringstal frå før på så omfattande samarbeid. Administrasjonskostnadane vert fordelte etter aldersrelatert folketal.»

Stord kommune varslar no at ein vil revidera barnevernsbudsjettet og gjera eit påslag på 4% administrasjonskostnader. Dette utgjør kr 65 400,- i 2018 for Fitjar kommune.

Budsjettforslag Barnevern - Fitjar 2018	Beløp	Komentarer
Driftsbudsjett SIB - 9,4% fordelingsnøkkel	1 621 061,00	inkl lønsvekst 2018